

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 03.12.2013
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Aud Berit Alsaker Haynes Leiar
Reidun Johansen Medlem

Ingen forfall

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen (deler av møtet)
HR-direktør Hilde Christiansen (deler av møtet)

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)
Internrevisor Lene Lie

Sakliste

Underlag

B 16/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 17/13	Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 02.10.2013
O 18/13	Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
O 19/13	Status på oppfølging av TSB-rapporten i helseføretaka
O 20/13	Risikostyring i Helse Vest
B 21/13	Møteplan for revisjonsutvalet i 2014
O 22/13	Regulering av løn for leiar av internrevisjonen i Helse Vest

B 16/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 17/13 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 02.10.2013

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 02.10.2013.

O 18/13 Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom status på igangsatte prosjekt og oppfølginga av tidlegare prosjekt. Utvalet drøfta to framlagte prosjektmandat, bruk av *tvang* innan psykisk helsevern og *medisinsk-teknisk utstyr*. Meldingar om oppstart vil bli sendt ut etter møtet, og revisjonsbesøk vert planlagt gjennomførte på nyåret.

Av tidlegare prosjekt var HR-direktør Hilde B. Christiansen invitert til å orientere om oppfølginga av rammeavtalene med vikarbyrå som driv med *utleie av helsepersonell*. Det er som tidlegare år funne mykje kritikkverdige forhold i administrasjonen av utleieverksemda, sjølv om det ikkje er blitt avdekt tilfelle av svikt i kvaliteten på vikarane. Fleire revisjonar er blitt, og blir gjennomførte med bruk av eksterne konsulentar, på vegne av HINAS og dei fire regionale helseføretaka. Dette arbeidet vil halde fram. Utvalet sa seg nøgd med orienteringa.

Eit anna tidlegare internrevisjonsprosjekt er oppfølginga av *private avtalespesialistar*. Eigardirektør Ivar Eriksen orienterte om eit initiativ frå HOD, ei utgreieing frå Helse Sør-Øst og det arbeid ein held på med i Helse Vest. Utvalet fekk og ei orientering om den dialogen det har vært, og framleis er, med Legeforeningen knytt til ein avtaleheimel i Bergen.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

O 19/13 Status på oppfølging av TSB-rapporten i helseføretaka

Oppsummering:

I saken låg tilbakemeldingar frå alle helseføretaka og RHF-et på det arbeidet som er utført sidan styra behandla internrevisjonsrapporten tidleg i 2013. Internrevisor gjorde greie for at tilbakemeldinga dessverre tok lengre tid enn planlagt, og at fleire uteståande forhold i statusplanane gjer det ønskeleg med ei ny oppfølging på våren/forsommaren. Utvalet drøfta saka, og blei samstundes kort orienterte av administrasjonen om den nye anbodet som vert planlagt utlyst til neste år blant private rusbehandlingsinstitusjonar.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og ber om å få ei ny tilbakemelding sommaren 2014.

O 20/13 Risikostyring i Helse Vest

Oppsummering:

Det låg til møtet i styret i Helse Vest RHF 4.12.2013 føre to saker til behandling som hadde særleg relevans for revisjonsutvalet. Det var sak 133/13 Risikovurdering i Helse Vest per 2. tertial 2013, og sak 134/13 Risikostyring i Helse Vest – reviderte retningslinjer og felles mål for 2014.

Administrerande direktør Herlof Nilssen og eigardirektør Ivar Eriksen orienterte om sakene, og det kom i stand ei drøfting om mellom anna utbreiinga av arbeidet med risikostyring i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

B 21/13 Møteplan for revisjonsutvalet i 2014

Oppsummering:

Tidlegare praksis for møtetidspunkt (dagen før styremøter) vert oppretthalde, og ein tar sikte på å gjennomføre møta så seint på ettermiddagen som mulig. Utvalsleiar og sekretariat finn ei praktisk løysing før kvart møte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet vedtar denne møteplanen for 2014:

3. mars, 6. mai, 17. juni, 30. september, 2. desember

O 22/13 Regulering av løn for leiar av internrevisjonen i Helse Vest

Oppsummering:

Av instruks for internrevisjonen i Helse Vest RHF går det fram at "2.2 Styret tilset, seier opp og fastset godtgjersle for leiar for internrevisjonen i samråd med revisjonsutvalet." Styret skulle 4.12.2013 behandle sak "147/13 B Regulering av løn for leiar av internrevisjonen i Helse Vest", og utvalet var invitert til å komme med si uttale.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet drøfta saka.